

Odd Geir Feste (gnr. 70 bnr. 1) Festevegen 431, 5912 Seim

Karl Feste (gnr. 70 bnr. 4)Haukåsvegen 17, 5912 Seim

Ola K. Feste (gnr. 70 bnr. 5)Haukåsvegen 18, 5912 Seim

Feste 04.01.2018

Til Lindås kommune,

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø.

Utgreiing om tilhøva kring overtaking av den "gamle" snuplassen ved Feste kai.

I samband med opparbeiding av ny snuplass ved Feste kai, vart den gamle snuplassen nytta som anleggsplass og lagringsområde. Dette førde til stor slitasje og skade på plassen. I og med at me hadde intensjonsavtale om kjøp av denne plassen etter at den nye plassen var ferdig stilt, tok me kontakt med representant for Statens vegvesen og spurde om dei ville rydda opp etter seg når anlegget var ferdig. Det fekk me positivt svar på. Dei tok også på seg å sikre og byggje opp septiktanken som låg på området.

Men "såret" etter grøfta frå septiktanken meinte dei seg uskuldige i og ville difor ikkje ta kostnaden med å setje i stand. Dette var eit område på om lag 4 m breidd og 16 m lengd som berre hadde vore grusa etter grøftegravinga for over 10 år sidan og ikkje gjort noko med seinare. Her var det trong for avretningsmasse samt arbeid med denne før asfaltering i fleire lag kunne finne stad. Me fekk difor førespurnad om me ville ta denne kostnaden. Priskravet for arbeidet var kr. 75.000 medrekna moms.

Ettersom vårt kjøp av plassen i utgangspunktet ikkje var av kommersiell art, tykte me det var dyrt. Samstundes var det lite ynskjeleg at dette området vart liggjande att som ei grop med høge kantar. I ein dialog med Statens vegvesen forklarte me vår stode og kom med eit tilbod på kr. 50.000 medrekna moms. Vårt tilbod vart akseptert og arbeidet utført. Resultatet vart eit tiltalende og heilskapleg bilete av prosjektet med ein plass som er betre utnytta enn nokon gong før.

I og med at kostnadene vart så pass høge, ser me det som turvande å få inn ein del av kapitalkostnadene våre. Dette kan me oppnå med å leige ut dei parkeringsplassar til matbutikken som er turvande for å få reguleringsplanen godkjent.

Mvh

Odd Geir Feste (gnr. 70 bnr. 1) Festevegen 431, 5912 Seim

Karl Feste (gnr. 70 bnr. 4) Haukåsvegen 17, 5912 Seim

Ola K. Feste (gnr. 70 bnr. 5) Haukåsvegen 18, 5912 Seim

